



## Notat

Dato: 22.02.2019  
Arkivsak: 2015/11453-179  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Oversikt over prosjekt som fagskolen driv, eller er involvert i

Fagskolen i Hordaland driv, eller er involvert i, ei rekke prosjekt og utviklingsarbeid. Talet på prosjekt har auka betrakteleg dei siste åra og her følgjer informasjon om desse.

#### Right skills for the right future (RIGHT)

Hordaland fylkeskommune leiar RIGHT-prosjektet i samarbeid med fjorten partnerorganisasjonar frå sju land i nordsjøområdet. Prosjektet er godkjent av EU sitt INTERREG Nordsjøprogram og har fått 17 millionar kr til å løyse utfordringar i framtidens arbeidsmarknad knytt til næringar innan hav og energi. Fagskolen vil spele ei viktig rolle i dette prosjektet som leverandør av utdanningstilbod og/eller kurs. Prosjektet er i ein kartleggingsfase for å avdekkje kompetansebehova i næringane. Det vert også arbeidd med ein Smart spesialiseringsstrategi som skal fremme fornying og omstilling med bakgrunn i nye behov og regionen sine fortrinn. Les meir her:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2018/skal-leie-internasjonalt-prosjekt-og-bygge-framtidig-kompetanse/>

#### Kompetanseheving innan nye og miljøvennlege produksjonsteknologiar

NCE Seafood har initiert eit prosjekt som har til føremål å gje eit kompetanseløft for lærarar i vidaregåande skular og å utvikle eit nytt fagskuletilbod innan nye berekraftige driftsformer innan havbruk. Prosjektet skal levere:

- Eit nasjonalt opplæringsprogram for lærarar i Vg2
- Etter- og vidareutdanning (EVU) for havbruk og leverandørindustrien
- Nytt fagskuletilbod innan ny produksjonsteknologi
- Kartlegging av nyskapande og innovativ digital læringsplattform til bruk i undervisning

Fagskolen vil ha ei sentral rolle i dette prosjektet med å utvikle utdanning og EVU. I høve til aktuell fagskuleutdanning er det først og fremst ønskje om å utvikle eit studie innan RAS-teknologi (RAS – recirculating aquaculture systems). Prosjektet har fått kr 1,5 mill. frå fylkeskommunane på vestlandet (Møre og Romsdal, Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland gjennom Vest Marin).

### **Utviklingsmidlar frå Kunnskapsdepartementet**

Kunnskapsdepartementet ga i 2017 for fyrste gong utviklingsmidlar til fagskuleutdanning som skal bidra til å styrke fagskulane. Fagskolen i Hordaland, saman med Hordaland fylkeskommune, søkte om midlar til to prosjekt, og Kunnskapsdepartementet løyvde støtte til begge prosjekta på til saman 7,8 millionar. I 2018 kom det nye utviklingsmidlar til fagskuleutdanning. Fagskolen i Hordaland søkte igjen om midlar til to prosjekt, og Kunnskapsdepartementet løyvde støtte til begge prosjekta på til saman 3,122 millionar. Fagskulen har i 2018 arbeidd vidare med prosjekta som fekk midlar i 2017. Vidare vert prosjekta for 2017 og 2018 omtalt.

#### Auka kvalitet i utdanninga med digital satsing

Skulen fekk om lag 4 mill. kroner i støtte frå Kunnskapsdepartementet til prosjektet for auka kvalitet i undervisninga med digital satsing i 2017. Skulen har investert i utstyr til digitale klasserom. Gjennom prosjektet «Eg e-lærer» har dei tilsette gjennomgått kurs i dei ulike digitale verktøya. Kursa førte fram til eit sertifiseringsbevis «Nettlærer, nivå 1: digitale verktøy».

I 2018 vart det søkt om midlar til vidareføring av prosjektet: «Del 2 av digital satsing». KD løyvde 3 mill. kroner for skuleåret 2018/19 som vil brukast til vidare sertifisering av dei tilsette. Del 1 av prosjektet fokuserte på utstyr og botnnivå-sertifisering av tilsette, medan del 2 fokuserer på pedagogisk bruk av digitale verktøy i undervisninga. Alle dei tilsette skal sertifiserast på nivå 1 og 2 i prosjektet, dette gjeld også for nye tilsette.

#### Elkraftsimulator

Kunnskapsdepartementet løyvde i 2018 midlar til innkjøp av ein ny stor elkraftssimulator til Fagskolen i Hordaland. I 2018 har dei tilsette fått opplæring og simulatoren er teken i bruk i undervisninga.

#### BIM – bygningsinformasjonsmodellering

Kunnskapsdepartementet løyvde også midlar til eit nytt prosjekt i 2018: 122 000 kroner til utvikling av nytt emne innan byggutdanninga (BIM). Emnet er etterspurt av næringslivet og studentane. Midlane vert brukt til å utvikle studieplanen.

### **Bransjeprogram**

Partane i arbeidslivet har signert ein avtale om eit felles bransjeprogram om kompetanse i industri og byggenæringa og i den kommunale helse- og omsorgstenesta som skal sikre kompetansen i framtida. Den nye avtalen har ein verdi på 30 millionar kroner og skal fordelast på dei to ulike bransjeprogramma. Partane i arbeidslivet skal føreslå innhald og tema i nye opplærings- eller utdanningstilbod, basert på dei utfordringane dei møter i sin kvardag. Partane vil også bidra med å rekruttere pilotverksemder som kan delta i programmet.

Midlane er ein del av regjeringa si satsing på livslang læring. Målet er at oppstarten av dei fyrste tiltaka skal vere i gang allereie hausten 2019. Dette skal bidra til at fleire tilsette, både fagarbeidarar og dei utan fagutdanning, kan få tilbod om etter- og vidareutdanning. Det er viktig å få dette på plass, fordi det rettar seg mot ei gruppe arbeidstakarar som tradisjonelt deltek mindre i etter- og vidareutdanning enn ein del andre arbeidstakarar. Ordninga er mest retta mot fagskule og fagbrev i denne omgangen. Fagskule vil vere viktig for å få oppdatert kunnskap og også meir spesialisert kompetanse. Bransjeprogrammet kan også være ei fin moglegheit for ufaglærte til å få teke fagbrev. (kjelde: [Kompetanse Norge](#)).

I dette arbeidet skal staten finansiere utvikling og drifte det offentlege tilbodet, og det omfattar også noko støtte til verksemder og arbeidstakarar si deltaking i utviklingsarbeidet. Vidare skal staten sørge for at det vert gjeve naudsynte dispensasjonar frå lov/forskrift for å gjennomføre forsøk. Til slutt skal staten finansiere evaluering av programmet.

Fleire fagskular deltar i bransjeprogrammet nasjonalt, og Fagskolen i Hordaland deltar med utvikling av tilbod innan begge bransjeprogramma saman med aktuelle lokale aktørar innan fagområda. I begge bransjeprogramma skal det utviklast modular som gjev formalkompetanse i tett samarbeid med arbeidslivet. Både fagleg innhald og fleksibilitet i løpet skal tilpassast arbeidslivet sitt behov.

#### Industri og byggenæringa

Industrien på Stord og fagskulen har på bakgrunn av ein analyse av kompetansebehovet innan maskinfaget utvikla ein søknad til pilot under bransjeprogrammet som rettar seg mot industri og byggenæringa. Det er i søknaden definert 5 modular á 10 stp. som skal vere formalgjevande kvar for seg. Det vil sei at dei 5 modulane vert å rekne som sjølvstendige utdanningar. Vidare vert det arbeidd med å utvikle 5 nye modular som skal starte opp hausten 2020.

#### Helse- og omsorgstenesta

Fagskulen har saman med Bergen kommune, partane i arbeidslivet, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester og Voss kommune laga eit utkast til pilot innan velferdsteknologi og digital kompetanse. Det er laga forslag til 6 modular á 10 stp. som kan takast enkeltvis eller samla til 30 eller 60 stp. Det er ønskjeleg med ei fleksibel innretting på utdanninga slik at arbeidsgjevar og arbeidstakar skal kunne vurdere kompetansebehovet enkeltvis. Det er også føreslått i piloten å laga ei 2-årig fagskuleutdanning innan helsefaga for å imøtekomme kommunehelsetenesta sitt behov for oppgåvegledning.

#### **Overgang frå fagskule til høgskule/universitet**

Fagskolen i Hordaland deltar i to prosjekt om overgangar frå fagskule til UH-sektor. Skulen deltar i eitt prosjekt for tekniske utdanningar og eitt for maritime utdanningar. Prosjektgruppene skal gjere greie for moglegheiter for å tilby eit kortare utdanningsløp ved ein høgskule/universitet for studentar som har gjennomført ei to-årig fagskuleutdanning.

#### Maritime utdanningar

Gruppa har laga eit pilotprosjekt som startar hausten 2019. Studentar med bestått eksamen frå Fagskolen i Hordaland med 2-årig fagskuleutdanning innan dekksoffiser og maskinoffiser kan bli tatt opp på bachelorutdanninga «Maritime Management» ved Høgskulen på Vestlandet. Studiet er eit samarbeid mellom Universitetet i Sørøst-Norge, NTNU, UiT Norges arktiske universitet og Høgskulen på Vestlandet.

Søkarar med vitnemål frå ei fagskuleutdanning vil få fritak for 60 studiepoeng (eitt år i omfang). Studiet er eit deltidstudium over 4 år og er tilpassa dei som er i jobb. Studiet er nettbasert med to samlingar á 4-5 dagar kvart semester. Samlingane vil bli fordelt tilnærma likt på kvar av dei fire utdanningsinstitusjonane.

#### Tekniske utdanningar

Gruppa for dei tekniske utdanningane skal presentere ein pilot for gjennomføring i eit seminar på Gardermoen 14. mars. Prosjektet har same mål som dei maritime utdanningane, men det har fleire utfordringar i utvikling av ein nasjonal modell grunna mange ulike lokale gjennomføringsplanar. Ved dei maritime utdanningane følgjer ein nasjonale planar både på fagskule- og på høgskulenivå.

#### **Samordna Opptak og Vitnemålsportalen**

Fagskolen i Hordaland er ein del av referansegruppa for overgang til Samordna Opptak. Opptak til fagskuleutdanningar skjer i dag gjennom vigo.no, same portalen som vert brukt til opptak til vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Som følge av Stortingsmeldinga «Fagfolk for fremtiden» skal opptak til fagskular overførast til Samordna Opptak. Dette vil gjere fagskuleutdanninga meir synleg som høgare yrkesfagleg utdanning. Frå hausten 2019 vil søkjarar få opp to moglegheiter: Høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning. Referansegruppa har frå starten vore involvert i utviklinga av den nye portalen for både søkjarar og saksbehandlarar ved fagskulane.

Unit (Direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning og forskning) har ansvar for både Samordna Opptak og Vitnemålsportalen. Vitnemålsportalen er ein portal kor studentar og tidlegare studentar lett kan finne karakterane sine, og i dag er denne portalen brukt av UH-sektoren. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for å undersøke korleis dette kan løysast for fagskulesektoren også. Det er usikkert når portalen vil vere tilgjengeleg for fagskulesektoren.

### **Visma In School**

Alle offentlege fagskular skal gå over til eit nytt felles skuleadministrativt system som vert utvikla av Visma og vil heite Visma in School (ViS). Fagskulen er ein del av referansegruppa for utvikling av dette systemet. ViS vil ha ein modul som er tilpassa fagskuleutdanning, i motsetning til dagens system som er laga for vidaregåande skule.